

# ÅRSMELDING FOR ØRSKOG HISTORIELAG ÅR: 2022

Her kan vi sjå deler av Sjøholt. Biletet er frå slutten av 1860- åra





FAKf-1342 - Prøvebilde fra Ørskog historielag si samling. FylkesFOTOarkivet / IKA Møre og Romsdal 2019

FAKf-101091.368250

**Året er 1954. Nils Stadheim (1867-1954) sit på traktoren. Vidare ser vi: Marie (1904-1985), Ingvald (1902-1995) og Petra Stadheim. - Fotoeigar og informant: Magnhild Bakke - (Registrert av Siv Krokfoss for Ørskog Historielag.)**



**Vandring til Vestresætra i regi av Historielaget – 21. august 2022.**



# Å R S M E L D I N G

## Ø R S K O G H I S T O R I E L A G

### Å R: 2 0 2 2

ØRSKOG HISTORIELAG vart stifta 16. april i 1985. Vi noterer 37 år i 2022.

#### *§1 i laget sine lover lyder:*

*Ørskog Historielag har til føremål å ta vare på kunnskapen om fortida til dei bygdene som ligg i Ørskog kommune, og arbeide for at folk kan få del i denne kunnskapen.*

*Dette kan gjerast ved:*

*a. å samle inn folkeminne og anna tradisjonstilfang.*

*c. å spreie desse opplysningane ved å gje ut bøker og tidsskrift, eller halde kurs og foredrag.*

ÅRSMØTET i Ørskog Historielag vart halde på Ørskog Kulturhus tysdag 1. mars 2022. 20 personar var til stades. Innkalling og sakliste vart godkjende. Møteleing og skrivar vart valde. Årsmeldinga for 2021 inkl. meldingar frå nemndene, og rekneskapen for 2021 vart godkjende med mindre endringar. Rekneskapen viste eit overskot på 22.419 kr. Flott arbeid i nemndene, der leiarane ga oss innblikk i sine årsmeldingar. Budsjett for 2022 vart vedteke. Vala vart gjort i samsvar med framlegg frå valnemnda (Grethe L. Gjerde, Karin Årdal, Svanhild Hjelle) med mindre endringar/tillegg. Valnemnd for årsmøtet 2023 - attval: Grethe L. Gjerde 2 år, Karin Årdal 2 år og Svanhild Hjelle 1 år. Arbeidsoppgåver for år 2022 vart drøfta, og ulike prosjekt vart prioriterte. Årspengane for 2023 vart uendra frå 2022 - 350 kr pr år. Kaffi/te og god kake undervegs i møtet.

Etter vala på årsmøtet og konstituering i styremøte 20 april, har styret vore samansett slik:

#### *Styret:*

- Ragnar Bakken	leiar
- Oddbjørn Hjelle	nestleiar
- Mette Cecilie Loe	skrivar
- Karin Eide	kasserar
- Karen Simonnes Aanes	styremedlem

- Knut Helge Vestre	1 varamedlem
- Nils P. Sjøholt	2.varamedlem
- Reidun Davik	3.varamedlem

### *Nemnder/utval knytta til arbeidet i laget:*

- Teknisk utval: 5 medlemmer – leiar Torstein Davik.
- Skriftnemnda: 6 medlemmer – leiar Bjørn Steinar Skarbø.
- Paktarhusnemnda: 5 medlemmer – leiar Ove Eide.
- Fotoregistrering: 5 medlemmer – leiar Siv Krokfoss.
- Postveg nemnda: 5 medlemmer – leiar Ivar Holmeide.
- Kalenderkomite for 2023: Ola Rotnes – Birte Sæterbø. Vara: Jorunn Giskemo
- Revisorar: Kjellrun Tomren – Ola Brautehaug.
- Valnemnd for 2022/23: Grethe Leikny Gjerde—Karin Årdal – Svanhild Hjelle.

### **STYRET.**

Styret har i meldingsåret (frå årsmøte til årsmøte) hatt 7 - SJU (sju også i 2021) møte: 22. mars – 19. april – 9. august - 20. september – 22. november – 24. januar – 28. februar.

Styret har handsama 96 (105 i 2021) protokollerte saker.

Medlemstalet i 2022: 332 (341 i 2021 inkl. tre verksemder – jf. årboka for 2022.

Medlemsverving rett før jul 2022 ga nokre nye medlemmer! Nokre få utmelde.

Medlemstal 31.12.22: 332 auka til **338 pr 01.01.23.**

Styret og nemnder har saman prioritert oppgåver ut frå m.a. drøftingane på årsmøtet.

**Frå styreprotokollen** tek vi med dei fleste av sakene som har vore til handsaming:

- ✓ Konstituering av styret for 2022.
- ✓ Arbeidsfordeling styret.
- ✓ Fellesmøte med nemnder/utval – førebuing - arbeidsoppgåver – prioritering. oppgåver
- ✓ Olav Oksvik stiftinga.
- ✓ Oluf-huset på Amdam prosjektet lagt vekk.
- ✓ Ørskog gjennom tidene ættebok – allmennsoga. Gjere noko?
- ✓ Digitalisering av årbøker?
- ✓ Budsjet 2022 – økonomi årbok 2022.
- ✓ Saker under arbeid – på dei fleste møte.
- ✓ Nytt frå nemndene på alle møte.
- ✓ Smia – planlegging og gjennomføring av renovering.
- ✓ Kveldsetene 2022 – tema – fordeling av oppgåver – gjennomføring.
- ✓ Ørskogkalenderen – samarbeid med Ørskog Rotary. Kalender for 2023.
- ✓ Paktarhuset – vedlikehaldsarbeid – rydding – arkivering - økonomi m.m.
- ✓ Renovering/måling Paktarhuset – planlegging – møte – avtalar – delvis gjennomføring.
- ✓ Bygdevandring – Vestresætra.
- ✓ Søknader om støtte – Smia – Paktarhus – Postveg.
- ✓ Høgtaleranlegg – fornying.
- ✓ Byste Olav Oksvik – eiga nemnd under stiftinga.
- ✓ Lån – smia/historielaget – Ørskog sparebank.
- ✓ Nettside - arbeid med fornying.
- ✓ Stabbur Sjøholt folkehøgskole førebu renovering.
- ✓ Medlemsverving. Liten auke i medlemstal!
- ✓ Postvegen. Orienteringar. Vedlikehald. Arbeidet med å få vedteke namn/skilting mm. Undergang i Landedalen ferdig – kryssing E136/E39.
- ✓ Nemndleiarane har teke del på styremøta.
- ✓ Søknader – utbetalingar og liknande.
- ✓ Økonomirapportar på alle styremøte.



- ✓ Årbok 2022.
- ✓ Førjulssal av årboka - medlemsverving m.m.
- ✓ Årsmøte 2023 – førebuing.
- ✓ Årbok og kalender – utsending.
- ✓ Gåve frå Ørskog Sparebank Jf. rekneskap 2022.
- ✓ Gåver – laget får jamt tilbod om å ta vare på gjenstandar m.m. Registreringsarbeid.
- ✓ Ei rekkje skriv og meldingar og førespurnader.
- ✓ En del av sakene ovanfor har gått igjen på fleire møte.
  
- ✓ ***Orienteringar og drøftingar i styret om arbeidet i nemndene – der vi tek med:***
- ✓ Årbok for 2022
- ✓ Fotoregistreringsarbeidet – registrering av gamle bilete. God framdrift.
- ✓ Arkivering- og registreringsarbeidet.
- ✓ Postvegen – jf. eiga nemnd. Vedlikehald.
- ✓ Paktarhuset – mykje godt arbeid.
- ✓ Oppgåver for/frå teknisk utval. Planlegging/gjennomføring av renovering smia.

### **Kveldseter/bygdevandring.**

Styret har hatt hovudansvaret for desse. I meldingsåret (mars – mars) har kveldsetene/bygdevandring vore avvikla med desse **9 temaene**: Tal frammøtte i ( ):

- (Februar 2022: Frå Stadt til Håholmen v/Jon Slyngstad (35))
- April 2022: First Process Digerneset v/Petter Leon Fauske ( 37)
- Mai 2022: Ørskog kyrkjegard – gravminne v/Siv Krokfoss ( 33)
- 21.aug. 2022: Sætrevandring Vestresætra (ca 60).
23. aug. 2022: Mostadmarka jernverk v/G.Rø og O.Bjørkli ( 34)
- Sept. 2022: Bygdebladet gjennom 50 år v/Opsals (36)
- Okt. 2022: Ørskog skulekorps 70 år – Ørskog Brass 50 år –(samla ca. 100)
- Nov. 2022: Sjøholt Folkehøgskole v/Lars J. Klokk ( 29)
- Des. 2022: Årbok 2022 v/skriftnemnda m.fl (19)
- Februar 2023 Kraftforsyninga i Ørskog v/fleire – (38).

Samla frammøtte: **ca 320** på dei ni kveldseter/vandring 2022/23. Vi gled oss over jamt godt frammøtte på dei arrangementa vi står for.

Det er så langt planlagt ni i 2023/24. Bygdevandringa i august 2022 vert lagt til Skarbøsætra.

Samlingane har oftast vore på Ørskog kulturhus og fleire andre stader jf tema. Huset er godt eigna med fine tilhøve for biletframsyning. Inga husleige for lag og org. frå kommunen.

Samla oversyn over alle kveldsetene sidan 1998 - også planlagde kveldseter og bygdevandringar - finn vi på laget si heimeside: <http://orskoghistorielag.org>  
 Postadr.: [post@orskoghistorielag.org](mailto:post@orskoghistorielag.org)



## **Paktarhuset 2022 – renovering på gang!**

### **Paktarhusnemnda.**

- ✓ Medlemmer: **Ove Eide** (leiar) – Runar Amdam – Frank Robert O'Brien Svingset  
Peder Håvik – Oddbjørn Braute.
- ✓ Aktivitets-museumsnemnda og husstyret vart slegne saman på årsmøtet i 2014. Dette har vist seg å fungere godt. Resultat Paktarhusnemnda.

Leiar i nemnda har levert denne rapporten for 2022

### **RAPPORT FRÅ OVE EIDE VEDK. ÅRSMELDING FOR 2022:**

#### **ØRSKOG HISTORIELAG PAKTARHUSNEMNDA:**

**Aktivitatar i 2022:** Det er kanskje ikkje alle som er klar over at historielaget eig ein del av den opphavlege Prestegarden. Eignedomen er på 1353 kvm., og her finn ein Paktarhuset og Smia/Vognhuset, også eigd av historielaget. Den grusa parkeringsplassen ved Paktarhuset er dermed også eigd av laget, men kommunen har vegrett over eignedomen, fram til bustadane aust for historielags-tomta. For å halde uteområda i orden, har vi også i 2022 gjort unna dei tradisjonelle vår- og haustdugnadane. Fleire hengarlass med rusk vart køyrt til Sjøholtstranda etter kvar dugnad. Det har blitt utført ein god del renoveringsarbeid på Paktarhuset i 2022. Holtleite Byggelag har utført ymse snikkararbeid på fasadane, og med dette vart også ein del bygningsdetaljar tilbakeført til opphavleg utføring. Malermester Ramsvik har utført målararbeid. Både dette og arbeid med inngangspartiet vil fortsette i 2023. Det vert no nytta linoljemåling og for å få eit best muleg resultat, vert mykje av den gamle oljemålinga fjerna. Paktarhusnemnda har lagt ned relativt mykje arbeid i dette. Det har blitt nytta eit

varmebehandlingsapparat av typen Speedheater, med påfølgende skraping. Metoden gir godt resultat, men er svært tidkrevjande. Paktarhuset er som kjent ein freda bygning. Dei fleste tiltaka krev ein del møter, korrespondanse, dokumentasjon m.m., der eit av hovudfokusa er å ta vare på bygningen etter antikvariske retningsliner og i samråd med kulturavdelinga i fylkeskommunen. Elles prøver nemnda etter beste evne å halde huset i orden innvendig. Til dømes fører vi eigenkontroll med elektriske anlegg og alarmsystem og i samband med det laget har å selje, hovudsakleg publikasjonar, ajourfører nemnda laget sine prislister. Frå tid til anna, kjem det nye tilskot til laget sitt arkiv, bibliotek og gjenstandsamlingar og alt krev arbeid med registrering, merking og plassering. Vi fekk inn eit temmeleg voluminøst bidrag til biblioteket: Stortingsforhandlingar frå perioden 1897 til og med 1907 i innbundne bøker. «Ørskog kommune» er prega i omslaget, noko som gjer bøkene unike. Det var 115 innhaldsrike bøker i alt, som dokumenterer norsk historie frå tida før, under og like etter unionsoppløysinga. Vi fekk dette av Ørskog Sparebank og reolar fylgde også med. Historikken bak at bøkene var i banken eller i Ørskog generelt, er førebels noko uklar. Elles set vi pris på alle bidrag til samlingane.

Leiaren for Paktarhusnemnda – Ove Eide -



**Prestegarden 1908**




## Skriftnemnda.

Medlemmer: **Bjørn Steinar Skarbø** (leiar) – Øyvind Danielsen – Helge Giskemo – Jostein Tomren – Odd Saure – Monica Brandal.

# ÅRBOK

for Ørskog Historielag 2022





Skriftnemnda har levert denne rapporten for 2022:

## Årsmelding frå Skriftnemnda 2022

Medlemmer i skriftnemnda i 2022 har vore, Monica Brandal, Øyvind Danielsen, Odd Saure, Jostein Tomren, Helge Giskemo og Bjørn Steinar Skarbø (leiar).

Skriftstyret har hatt rundt sju-åtte møte. Møtestaden har i hovudsak vore Gamlebanken.

Skriftnemnda er svært nøgd med den store velvilje og skriveaktivitet hos mange; og det enda opp med ei årbok vi tek sjansen på å seie oss rimeleg godt nøgde med. Ikkje alle vi spør, er klar for å ta på seg skriveoppdrag, men det skal ein vel heller ikkje vente. Men vi opplever også i år år at forfattarar kjem til oss med idear dei ønskjer å få på trykk. Dette er vi svært glade for og ønskjer det skal halde fram.

I Årboka 2022 vil vi spesielt trekke fram Einar Landmarks svært interessante og gode artikkel om Olav Oksvik der han får fram kor sentral denne politikaren var i utviklinga av Arbeidarpartiet i Mellomkrigstida. Frå revolusjonært parti med avgrensa oppslutning til statsberande parti som spelte ei avgjerande rolle i utviklinga til det samfunnet vi i dag lever i. Dette tilhøve har etter måten vore lite kjent i vår tid – merkeleg nok. Det kjem nok av at det er innsatsen etter 1940 som har fått mest omtale.

Det var elles fleire viktige jubileum i 2022. Bygdebladet 50 år, Ørskog skulekorps 70 år og Ørskog Brass 50 år. Vi er glad for at vi fekk med artiklar om kvar av desse institusjonane. Spesielt for at vi fekk med historia om Bygdebladet og at vi fekk historia frå Kjell Opsals munn før han døydde rett før jul.



**BYGDEBLADET** feirar i år 50-årsjubileum, og tidlegare i år vart grunnleggjar, tidlegare redaktør og no kommentarjournalist Kjell Opsal tildelt Kongens fortenestemedalje. Utmerkinga bygde også på innsatsen som er gjort gjennom verksemdene Norild Musikk og Norild Forlag samt omfattande innsats for å fremme trekkspelmusikken. Til denne heideren høyrer ein invitasjon til ein audiens hos Kongen, og no i haust kunne Kjell og Torill reise til Slottet der som vi ser både kong Harald og dronning Sonja tok i mot. Vi viser elles til artikkel inne i boka. Foto: Stian Lysberg Solum, NTB

### **Kjell takkar for kongens fortenestemedalje.**

Dei to korpsa synes vi òg det var viktig å få markert; for det er ein enorm kulturinnsats som er lagt ned gjennom dei til saman 120 åra.

Glade er vi også for bidraga frå Odd Bjørkli og Giske Rø i historielaget Mostadmarkas Venner i Trøndelag som skreiv om sambandet mellom gruvedrifta i Liafjellet og jernverket der oppe. Like eins også for Lars Longva sin artikkel om dei to båtbyggjarprosjekta til Ørskog skule. Spanande er også historia Jostein Tomren førde i pennen om slekta frå plassen «Flåna» som utvandra til Amerika og mellom anna starta Soholt Bakery i Mayville, North Dakota i USA. Jostein Tomren held også fram å skrive om ørskogbygdarar han sette høgt i sine oppvekst- og ungdomsår og han avslutta historia om Ørskog Ungdomslag som han byrja i Årbok 2021. Siv Krokfoss sytte også i år for fotoperler og i tillegg ein presentasjon av nokre gamle gravminner på Ørskog kyrkjegard og personane dei minner om. Vi viser elles til innhaldslista og naturlegvis – sjølve årboka.



FRÅ AVDUKINGA av minnesmerket ved Kongebjørka i Molde i 1955. Frå venstre kong Haakon, kronprins Olav og fylkesmann Olav. Fotokjelde: Romsdalsmuseet

**Frå artikkelen om Olav Oksvik – Olav Oksvik til høgre.**

### **Innhaldsliste Årbok 2022**

Olav Oksvik	Einar Landmark	
Ørskog skulekorps 70 år	Linda Brautehaug Jakobsen	
Ørskog Brass 50 år	Nils Petter Synnes	
Minner frå skulekorpstida	Kari Margrete Sjøholt	
Frå tre i skog til båt på fjord	Asgeir Kvernberg	
Båtbyggjarar i Prestefjora	Lars Longva	
Bygdebladet 50 år	Bjørn Steinar Skarbø	
Steingardar på Viset	Odd Saure	
Ørskog Ungdomslag Del 2	Jostein Tomren	
Mostadmarka Jernverk	Odd Bjørkli	
Uttak av jernerts i Ørskog for Mostadmarka Jernverk		Gisle Rø
Mine barndoms heltar	Jostein Tomren	
Soholt Bakery	Jostein Tomren	
Frå Husmorskule til folkehøgskule	Ragnar Bakken	
Gravminner på Ørskog kyrkjegard	Siv Krokfoss	
Perler frå fotoarkivet	Siv Krokfoss	

Hendingar i året Bjørn Steinar Skarbø  
Årsmelding Ragnar Bakken  
Medlemmer i Ørskog Historielag

Boka vart lansert under kveldssete 13. desember og var i år på plass til denne dato – om enn tida var noko knappvoren.

Skriftnemnda har også i år samarbeidd med «Språksmia» i Valldal om montasje og administrasjon av trykking hos «Lasertrykk» i Oslo / København. Vi er framleis svært nøgd med deira innsats og kvaliteten på arbeidet. Prisen er også fordelaktig, sjølv om det etter kvart kostar nokre kroner å få boka framstilt og mangfaldiggjort.

Skriftnemnda registrerer at årboka også dette året vart godt motteken.

Skriftnemnda vil rette ein varm takk til alle forfattarar og fotografar for bidrag til årboka. De er heilt avgjerande for at vi klarar å gje ut denne boka år for år.

Ei særskilt takk til våre annonsørar som yter verdfull støtte til å produsere denne boka. Vår oppmoding er å nytte seg av dei tenestene desse tilbyr.

Ørskog 21. februar 2023

Monica Brandal, Øyvin Danielsen, Helge Giskemo, Odd Saure, Jostein Tomren og Bjørn Steinar Skarbø

## TEKNISK UTVAL

Medlemmer **Torstein Davik** (leiar) - Svein Elling Barlindhaug – Asbjørn Valbø – Gunnar Kongsnes – Terje Haaheim - Magne Henden

Vi tek med rapportering frå nemnda om arbeidet dette året:

### MELDING FRÅ TEKNISK UTVAL FOR 2022:

#### Ørskog Historielag – Årsmelding fra teknisk utvalg 2022.

Teknisk Utvalg har gjennomført to medlemsmøter gjennom 2022 sesongen, den 21.03.2022 og den 21.08.2022, møtene ble avholdt i Pakter-huset på Prestegarden.

**01: Malmbane traseen..** Rydding av traseen kan nå gjennomføres. Gunnar har arbeidet med dette, og funnet frem til grunneierne av traseen, og Ragnar har innhentet tillatelse til å rydde traseen. Rydding bør kunne gjennomføres 2023 sesongen.

**02: Kvernhuset.** Kontroll og rydding av plassen rundt huset er gjennomført. Selve huset i god stand. Kontroll av utvendige vannrenner med tilhørende tilkomst trapp er i akseptabel stand, bortsett fra ca. 6 meter av siste del av vannrenna inn mot skovle-hjulet under huset. Denne delen av renna er råttan og må skiftes. Ny renne ble ferdig laget 25.01.2023, og vi regner med å få den montert på plass i løpet av våren 2023. Rydding av kvernhuset innvendig gjennomføres når ny renne er montert på plass.

**03: Kraftstasjonen.** Tilstand for veien ned til stasjonen er stabil og god etter arbeidet som ble gjort forrige sesong. Etter avtale med grunneier Furstrand ble det laget og montert en stoppmarkering for biltrafikk ned til elva. Dette er gjennomført og har fungert greit. Tilstand på selve Kraftstasjons huset er god utvendig, treverk og malings-standard er ok. Takrennene er i akseptabel stand, disse ble rensset sist høst. Innvendig inspeksjon av stasjonen viser behov for rydding hvor gammelt malingsutstyr og annet skrot fjernes. Ved start av november ble to mindre lamper som sørger for lys i stasjons-vinduene satt opp. Oppgaven her for 2023 blir innvendig rydding av stasjonsbygningen.



**04: Lokomobil** «stall» / glassmonter. Vedlikehold / Renhold / Inventar. Støvsuging & renhold er gjennomført x 3 denne sesongen. Tilstanden er god, og glasshuset fremstår ryddig og i orden. All teknisk dokumentasjon som tilhører lokomobilen, er nå samlet og lagret i en liten kiste som står i «stallen».

**05: Lokomobil.** Den 04.07.2022 ble lokomobil og utstyr kontrollert av damp-kjele inspektør fra Dovre Sertifisering + inspektør fra Sveiseverkstedet GK i Ålesund. For historielaget deltok undertegnede. Inspeksjonen forgikk gjennom åpnede inspeksjons luker på vann-siden ved hjelp av mobilt kamera med bilde til utvendig skjerm. Det ble konstatert noe belegg på vann-siden av kjelen, noe som inspektøren mente skyldes at det har vært for lite uttørking av vannrommet etter siste ned-tapping. Belegget som ble konstatert er antatt å ha mindre betydning i nåværende form. Vi fikk råd fra inspektøren om ikke å montere inspeksjonsluka på plass i perioder når kjelen ikke er i bruk, men holde denne åpen for bedre uttørking i damp-kjelen. Pakningen for inspeksjonsluka ble underkjent. Nevnte pakning er ikke handelsvare, og vi fikk derfor laget 3 x nye pakninger etter mål hos Sveiseverkstedet, disse er mottatt og er lagret i Lokomobil-stallen. 1 x ny pakning må monteres når kjelen skal fyres opp. 2 Fyrrommet for kjelen ble manuelt inspisert gjennom inspeksjons luka i fronten av kjelen, samt at røykrørene ble inspisert innvendig ved hjelp av kamera. Her ble ingen direkte feil notert, men vi fikk råd om at et enda bedre renhold på varmesiden når kjelen i lengre perioder ikke er i bruk, det vil forlenge levetiden av dampkjelen.

**06: Re-sertifisering av Lokomobil.** Inspeksjons dato for resertifisering og kontroll var 04.07.2022. Nytt Inspeksjons Sertifikat ble utstedt av Dovre Sertifisering AS med datering 07.07.2022. Nytt Inspeksjonssertifikat er gyldig til 04.07.2027. Det nye inspeksjonssertifikatet er slått opp i glassmonter huset, hvor sertifikatet data og tilhørende informasjon er synlig, og kan leses fra utsiden av huset.

**07: Smia.** Restaurering av bygning og skifte av tak er gjennomført av snekker Per K. Holtleite med godt resultat, både med hensyn bygningsmessige forhold og total kostnad. Utvendig rydding under takforlengelsen på østsiden er gjennomført, hvor 2 x paller med reserve takskifer nå er lagret. Helmaling av huset og en skikkelig ryddeaksjon innvendig står igjen til 2023 sesongen. Det er utført flekkmaling av rød del av utskiftet treverk. Eksisterende rødfarge på huset er sterkt «falmet», og for å bestemme hvilken rød farge som opprinnelig var på huset ble gjort ved analyse av fargeprøve hos Stavseng, med påfølgende prøve-maling og godkjenning av Ragnar B.



**08: Skyssvogna** Flytting til Frode Dyrkorn bilverksted på Haukås feltet er gjennomført, og vogna har fått plass i ankomst-hallen for verkstedet. Mange personer er innom ankomst-hallen, og får da sett den flotte vogna og studert «info-plakaten» for vogna på nært hold.

Asbjørn Valbø, medlem teknisk komite, har god kontroll med skyss-vogna, han har sin arbeidsplass i lokalet der vogna er plassert. Det er ikke nødvendig med ytterligere tiltak for skyss-vogna inneværende sesong.

**09: Stabburet på Sjøholt Folkehøgskole.** I bytte mot gratis og ikke tidsbegrenset lagringsplass på skolens låve for Historielagets «løse eiendeler», påtok historielaget seg å male stabburs-huset utvendig. Ved nærmere inspeksjon av generell tilstand for Stabburet ble konstatert store råteskader, både på tak og dels på kledning. En del skifer-takstein mangler, og det meste av takrenner & innfesting er borte. Det er ikke mulig å få til en forsvarlig utvendig malingsaksjon slik tilstanden på huset er nå. På vårt initiativ ble P.K. Holtleite forespurt om han kunne foreta en inspeksjon og komme med en prisantydning for å sette huset i en noenlunde stand. Det har Holtleite utført, inspeksjonen er gjennomført og kostnads-overslag foreligger. Ragnar B. og skolens rektor jobber videre for å få til en finansiering av en nødvendig reparasjonen, slik at gjennomføring kan skje kommende sesong. Det er videre avklart med Holtleite at prisoverslaget tidsmessig står ved lag slik at gjennomføring kan skje i løpet av 2023 sesongen.

Med vennlig hilsen For Teknisk Utvalg Ørskog Historielag 2022 sesongen

Torstein Davik Mob. tlf: +47 975 15 070 – e-post « [tdavik@icloud.com](mailto:tdavik@icloud.com) »



**Stabbur Sjøholt Folkehøgskole 2022**



## Fotoregistreringsgruppa.

**Leiar i denne gruppa Siv Krokfoss skriv:**

Fotoregistreringsgruppa

Laget har ei eiga gruppe som arbeider med registrering av gamle foto frå Ørskog.

**Siv Krokfoss har vore leiar for gruppa siste året. Dei andre medlemmene i gruppa har vore: Ann Elin Viset, Rolf Hatlen, Eldbjørg Ringseth Stensli og John Abelseth.**

All registrering av opplysningar til avfotograferte bilete vert gjort direkte på Internett.

Siv Krokfoss er ansvarleg for digitalisering av bilete og å få dei registrert i Fylkesfotoarkivetsin database. No ligg det 3583 bilete i fotosamlinga som har noko med Ørskog å gjere. Gruppa har motteke fleire private fotoalbum i løpet av det siste året. Fotoalbum frå 6 forskjellige familiar beståande av ca 300 bilete har blitt levert til Fylkesfotoarkivaren på IKA (Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS) i starten av november og vi ventar fortsatt på dei digitaliserte filene som skal registrerast inn i vår database.



**Gutteklubben Viking held spydkonkuranse på skuleplassen på Apalset. Arne Gjære poserer med spydet, medan gutane frå venstre Alf Walgermo, Steinar Stene, Rolv Petter Amdam, Torstein Stavseng, Mons og Inge Walgermo er tilskådarar og ventar på tur. (Registrert av Åse Karin Gjære.)**



Fotoregistreringsgruppa har hatt ei samling der vi gjekk igjennom dei innkomne biletea ogfordelte arbeidsoppgåver. Når bileta er ferdig digitalisert vil vi saman bidra til teksting oginnhenting av informasjon til dei enkelte bileta.

Takk til alle som har lånt oss fotosamlinga si. Det er ofte vanskeleg å identifisere personar oghendingar. Takk for hjelpa til dette arbeidet!

«Gamle bilder fra Ørskog» er ei lukka gruppe i Facebook. Mange av bileta som er registrertegjennom Historielaget blir og lagt inn i denne gruppa. Bileta er organiserte i digitalealbum. Ved å bruke Facebook oppnår ein å nå eit større publikum som kan gi informasjon ompersonar og hendingar.

10. mai hadde Siv kveldssete på Ørskog kyrkjegard. Ho tok oss med på ei vandring mellomgravminna der og fortalde om enkeltpersonar sitt liv og historiene knytt til dei. Alle deiomtalte personane vart heidra og alle vart presentert med eit bilete av kvar enkelt.

Vi har også i år bidratt med bilete til Ørskogkalenderen og Årboka for 2022 har fått sine«perler frå arkivet».

Helsing Siv.

Vår database med 230377 bilete frå Møre og Romsdal er å finne under <https://fylkesfotoarkivet.mrfylke.no/>



**Datering 1910 - 1920**

**Eigar: Bårdsgjerde, Olav Jan**

**Omtale:**

**Ukjende personar. Tips oss om namn og stad!**

**(Registrert av Siv Krokfoss for Ørskog Historielag.)**

## **Postvegnemnda - «Den Trondhjemske Postvei».**

**Eiga nemnd: Ivar Holmeide (leiar),** Elling Ødegaard, Norvald Sjøholt, Odd Asbjørn Nybø, Martin Ødegaard

Til: Ørskog historielag v/Ragnar Bakken, 6240 Ørskog  
**ÅRSMELDING POSTVEGNEMDA 2022**

Postvegnemnda har i 2022 bestått av Martin Ødegaard, Odd Asbjørn Nybø, Norvald Sjøholt, Elling Giskemo Ødegaard og Ivar Holmeide. Elling Giskemo Ødegaard og Norvald Sjøholt tok begge attval på årsmøtet i mars 2021, og Ivar Holmeide vart attvalt som leiar i nemnda.

I januar 2022 fekk vi informasjon om at Møre og Romsdal Fylkeskommune og Statens Vegvesen hadde løyvd midlar til undergang for «Den trondhjemske postvei» i Landedalen og det er no bestemt at arbeidet med undergangen skal starte opp like etter påske i 2022. Den 14.9.22 arrangerte Izabela Chlewicka frå Statens Vegvesen eit felles møte med både kommunen, fylkeskommunen, Friluftsrådet, leiar av kommunedelsutvalet og leiar Postveinemda på Fellstova på Ørskogfjellet og møtet vart avslutta med ei befaring ned til undergangen i Landedalen som da nesten var ferdigstilt.

Ørskog Historielag har fått utarbeidd eit forslag til skilting lags Postvegen på heile strekninga frå Amdamfjøra til Vestnes grense, og vi har både hausten 2021 og heile 2022 venta på innkalling til møte med Fylkeskommunen for å kome vidare med skiltforslaga. Skilta skal fortelje om kulturminne som ein kan finne på vegen og i nærheten av vegen. Elin Grete Vatnehol har teke over for Magne Fyilling som Ålesund kommune sin kontaktperson vedr. Postvegen.

Leiar måtte i både januar og februar 2022 sørge for å få fjerna deler av nokre mindre rotvelt som sperra ferdselen på postvegen.

Postvegen frå Russebøen til «Stikkutkassa» vinter som står på toppen av vegen over til Lindset. Postvegnemnda starta i 2022 med sin første felles dugnad i april og det var da 4 av medlemmene som deltok, og arbeidet bestod i felling av fleire rotvelt som Elling G.Ødegaard fagmessig tok seg av. Etter at dette var gjort hadde Norvald, Odd Asbjørn og undertegnede i slutten av april ein lang arbeidsdag med istandsetting av deler av vegen frå Russebøen mot Lindset på grunn av rotveltene samt fjerning av ein del lauvtre som delvis låg innover vegen.



**Eigar: Anders Wulfsberg FAKf-1156.0005**

**Idyll frå postvegen over Kleiva ein gong mellom 1910 og 1921. (Registrert av Ole Øystein Nybø for Ørskog Historielag.**

I tidsrommet juni til september har det vore dugnad med bruk av beitepussar, ryddesag og greinsaks. Det har vore 2 heildags dugnader kor 1 eller 2 av medlemmene har delteke. Leiaren har vore til stades på alle dugnadane.

Postvegen frå Russebøen til Nedrevoll og vidare til Amdam vart slegen 2 gonger og det same vart det på vegen frå Myrløken til Haugsetra. Grunna stor aktivitet med anleggsmaskiner i Landedalen vart kun deler av vegen frå Gjære innmark til Stortrøna slått ein gong.

Postvegnemda har ei rad oppgåver som står for tur, og det er flott at «Stikk-UT» turar fortsatt vert lagt til deler av Postvegen både sommar, haust og vinter.

Ivar Holmeide/ leiar Postvegnemda 2022

### **Postvegen – eit flott kulturminne – ein fin turveg.**

***Turveg frå Russebøen:*** Denne delen av Postvegen startar på Russebøen og tek av frå skogsvegen som fører til Hestvika. Du tek av til venstre ved Sjøholt Camping, opp ei til dels bratt stigning på det som var ein kjerreveg. Ørskog kommune, skuleelevar, lag og organisasjonar har siste åra kvista og opparbeidd vegen til om lag den standard han ein gong hadde. Underlaget er delvis grasdekt og bakkane opp til toppen er eit godt middel til å få opp pulsen.

***Kulturminne:*** Postvegen gjennom Ørskog, er ein bit av den gamle postruta mellom Bergen og Trondheim og vart bygd rundt 1780. Vegen startar i fjøra på Amdam. Dit kom posten sjøvegen frå Stranda. Så går vegen over markane på Amdam og Nedrevoll, til han går over høgdedraget Kleivane (høgste punktet på turvegen), mot Sjøholt. Der går han forbi prestegarden og vidare opp Landedalen til Vestnesgrensa på Ørskogfjellet. Også delar av denne strekninga er opparbeidd i seinare tid.



Frå Postvegen



## NETTSIDE

**Nettsider Ørskog historielag:** Laget har i fleire år hatt egne nettsider. Laget vil også i denne årsmeldinga rette ei stor takk til Tore P. Gjære.

Sidene gjev mykje god informasjon om laget: Adresse: <http://orskoghistorielag.org>

**Innhald:** Framside – Aktivitetar – Om laget – Publikasjonar – Restaureringar – Andre oppgåver – Årsmelding – Gamle bilde – Kunngjeringar – Medlemsnytt – Gamle

**Ørskog .Historielaget si nettside** – notat v/Tore Gjære – februar 2021.

Nettsida til Historielaget vart utforma av Øyvind Gjære i 2010. Den er basert på direkte koding i html. Mykje har skjedd på den digitale fronten sidan den tid, og nettsida kan i dag virke gammaldags. På årsmøtet 2021 var det stemning for å få laga ei ny side ved hjelp av moderne programvare. På styremøte 23. november 2021 vart det utpeika tre personar til å førebu dette: Siv Krokfoss, Tore Gjære og Børre Tennfjord. Kurt Tverli, som driftar webhotellet som vi nyttar oss av, har sagt seg villig til å hjelpe oss med dette. Tore har vore i kontakt med han ved fleire høve, og har ved hans hjelp utforma eit utkast til ein prøveversjon. Denne er laga ved bruk av programmet Joomla. Eit anna aktuelt program er WordPress, og nemnda vil i nær framtid ha eit møte der vi vil vurdere kva program vi finn mest tenleg. Vi vil etter kvart også ta stilling til korleis vi vil ha sjølve strukturen på sida, og tek gjerne mot innspel om det frå andre medlemmer.

*Så langt Tore – for eitt år sidan.*

**I 2022 har dei tre arbeidd med å fornye nettsida til laget vårt. Dette vart eit omfattande arbeid som tok tid. Ny nettside er venta ferdig eit stykke inn i året 2023. Vi gler oss – samstundes som vi takkar for alle åra med nettsidearbeid frå Tore m..fl. Takk også til nemnda så langt.**



**Bilete frå heimesida til ØH – Ørskog kyrkje ca 1910.**

# Ørskog Historielag



## Velkommen

[ [Framsida](#) ]

Ørskog Historielag vart skipa i 1985, og har til føremål å ta vare på kunnskapen om fortida til bygdene i Ørskog kommune



Vi har no eit medlemstal på ca 340, og vi arbeider med ulike restaureringsoppgåver i tillegg til at vi gir ut årsskrift og arrangerer møte og tilstellingar. Vern av kulturminne er også ei prioritert oppgåve

**Nettsida si framsida slik vi kjenner denne gjennom ei rekkje år.**

## Olav Oksvik – stiftinga.

Stiftinga vart oppretta i 2011. Olav Oksvik minnesamling. Målsetjing er å ta vare på verdfulle ting har etterlet seg, skaffe lokale til dette, reise ei byste og halde ei årleg konferanse med grunnlag i demokratiet.



Ungdomsbilete av Olav Oksvik – 1904 Amtskulen Sjøholt

Olav Oksvik (1887-1958) var sju år gamal då han i 1894 kom til Ørskog saman med familien frå Stranda. Olav var eldst av seks sysken som vaks opp på bnr. 10, Hammaren på Apalset. Han vart ein markant politikar som stortingsrepresentant for arbeidarpartiet frå 1928 til 1953. Deretter Fylkesmann i Møre og Romsdal til han døydde i 1958.

Dette er ei stifting som skal ta seg av gjenstandar, dokument m.m. etter Olav Oksvik. Målsetjinga er å få på plass ei samling i Ørskog. I 2012 -14 vart gjenstandar og dokument henta og mellombels lagra lokalt. Noko står att å hente. Registreringsarbeidet er utført. Det vert arbeidd med å finne ei permanent plassering av samlinga. Dette har diverre ikkje lukkast etter å ha arbeidd med saka i åtte år. Vi hadde venta meir hjelp frå kommunen! Stiftinga måtte avlyse «Oksvikseminar» på Ørskog samfunnshus i 2019.. Det er nedfelt i stiftinga sine vedtekter at eit seminar skal finne stad kvart år. Seminar i 2020 vart ikkje planlagt. Stiftinga sitt styre drøfta 2020 avvikling av stiftinga grunna manglande kommunal interesse(økonomi.) Endelege vedtak; stiftinga held fram. I 2021 har fleire av målsetjingane til stiftinga vorte løfta fram: Konferanse vart halde 16. november 2021 med tema Det grønne skiftet/Vindkraft mm. Lokale for samlingar: arbeidet held fram – kanskje vi kan få ei løysing i 2022? **Byste:** Ein eigen komite har kome i arbeid: Helge Giskemo, Oddbjørn Braute og Grethe Leikny Gjerde. Grappa har hatt ein fin start med målsetjing ei byste av Oksvik på Sjøholt der kunstnaren vert Ola Stavseng.



Alt ovanfor er henta frå årsmeldinga 2021. arbeidet **har halde fram i 2022:**

**Lokale:** Ein plan for oppsett av minnesamling i Frivillegsentralen sine lokale er utarbeidd av nemnda. Munnleg avtale om bruk av lokale er inngått med Ålesund kommune. Totale kostnader er rekna til 175,000 der 75.000 er dugnadsarbeid. Resten må skaffast på annan måte. Vi vonar å kome i mål i løpet av 1. halvår 2023.

**Byste:** Nemnda har så langt skaffa godt 150.000 av dei 200.000 som bysta vil koste. Arbeidet skal Ola Stavseng stå for – kanskje kjem han i gang med det dette året.

**Frå Ørskog Historielag er desse valde som medlemmer: Oddbjørn Braute, Ola Gram og Mons-Olav Walgermo. Helge Giskemo, Grethe L. Gjerde og Ragnar Bakken er personlege varafolk.**

**Frå kommunen er valde: Arild Aanes leiar (vara Tove Nygård) og Janet Roelof (vara Wenche Gausnes Aasen).**



**Huset på plassen Hammaren på Abelset – der Oksvikfamilien budde – rive ca 1980.**



Foto: Pål Endré Stene.

### **Framsida Ørskogkalenderen 2023.**

Ørskog Historielag og Ørskog Rotary har i ei rekkje år gitt ut Ørskogkalenderen Første gong for 1995. I fleire år stod Ørskog sparebank for finansieringa

**Litt historikk frå siste åra.** For 2014 vart det ikkje laga kalender. I løpet av 2014 vart det klart at ØH og ØR på nytt gjekk inn i samarbeid om å få laga ein kalender for 2015. Økonomien vart sikra gjennom støtte frå lokale verksemder – mot reklame i kalenderen. Slik var ordninga også i 2016 og samarbeidet held fram og ny kalender for 2017 var ferdig i god tid før jul. Samarbeidet ga også resultat for 2018. Kalender for 2019 kom på plass også denne gongen som eit samarbeid mellom dei to laga. Vi hadde same opplegget for kalenderen for 2020, 2021 og 2022. Kalender for 2023 kom på plass i god tid før jul 2022 der Rotary og ØH stod for arbeidet bak.

Alle husstandar har fått denne kalenderen. Han er dessutan til sals. Vi vonar at vi i åra som ligg framføre, kan halde fram med kalender der nyare og eldre Ørskogbilete vert presenterte. Frå Ørskog Historielag var desse valde for å ta del i arbeidet: **Ola Rotnes og Birte Sæterbø.** Varamedlem Jorunn Giskemo. Takk også til velvillige sponsorar. Nokre ekstra kroner til kvart av laga.




## Rekneskap for året 2022:

Det vert vist til eige oppsett og eiga sak på årsmøtet 7. mars 2023. Kasserar har vore Karin Solveig Eide. Rekneskapen er ført av Økonomiservice A/S. Laget har mange kostnader på gang og har i 2022 teke opp eit lån på 300.000 i Ørskog Sparebank.

### ØRSKOG HISTORIELAG – ÅLESUND KOMMUNE.

2022 er tredje året etter at nye Ålesund kommune vart etablert frå 01.01.20. Sandøy – Haram – Skodje – Ørskog og Ålesund utgjer den nye kommunen med ca 68.000 innbyggjarar. Haram ser ut til å verte eiga kommune att frå 2024 Ørskog historielag held fram som lag for gamle Ørskog kommune – utan namneskifte og utan endringar i vesentleg grad av oppgåver og arbeidet i laget. Vi vonar på eit godt samarbeid med administrasjon og politikarar vi i vårt arbeid kjem i kontakt med. Vi er ofte avhengig av at ØH og kommunen har eit tett og positivt samarbeid. Det gjeld i mange saker og som bør vere av felles interesse. Dette samarbeidet kan seiast å vere i hovudsak godt etter dei tre første åra. Ved fleire høve har styret vore innom tilhøvet til kommunen – i heilt konkrete saker. Vi tek her med nokre døme på slike saker/område – med både ros og litt ris:

- ØH har sett det viktig å få på plass ein kulturminneplan for gamle Ørskog kommune. Planen var nesten ferdig hausten 2019. På plass i 2020 – ligg hos kommunen. Her er vi enno ikkje i mål.
- ØH har etter fleire års arbeid endeleg fått ein driftsplan for Postvegen på plass. Driftsplan er på plass.
- ØH saknar ein kulturplan – dette krev samarbeid med kommunen.
- ØH sitt samarbeid med kulturetaten i nye Ålesund har vore godt. Vi har blitt møtt med velvilje og god forståing for våre ønskje og vårt arbeid.
- Det ser no ut til at vi skal kome i mål med å få kommunen til å stille med lokale til Oksvik si minnesamling i Frivillegsentralen.
- Litt økonomisk støtte har vi motteke Det er ikkje alltid at kronetalet er avgjerande Lag og organisasjonar er avhengige av kommunen – like avhengig er kommunen den andre vegen. Samarbeid og positive handlingar og vedtak vil gjere at oppgåver – også innan kultursaker – vert best mogeleg løyste – til glede for innbyggjarane våre.



God fangst år

attende Odd og Nils Amdam



## Vi ser framover – oppgaver for 2023 og åra deretter.

Styret har som målsetjing - snarast etter årsmøtet 7. mars 2022 – å halde eit møte saman med nyvalde nemnder og utval for å setje opp endeleg arbeidsprogram/årsplan for året 2023. Pågåande oppgaver og drøftingar på årsmøtet vil leggje føringar for komande årsplan.

***Vi tek her med viktige prosjekt – til drøfting på årsmøtet og vidare handsaming på sammøte mellom styret og nemndene. Vi vil ta steg vidare også i 2023. Saman skal vi få det til:***


- ✓ Smia – avhalde kurs i renovert smie.
  - ✓ Paktarhuset – utvendig måling –fullføre renoveringa. Søknad om ekstra midlar til Fylkeskommunen er sendt.
  - ✓ Skyssvogna – nødvendig stell – plassert på Ørskog Bilsenter – Haukås.
  - ✓ Postvegen -vidare arbeid over Ørskogfjellet. Rydding og vedlikehald for heile strekinga gjennom Ørskog. Skilting bør vi kome vidare med – jf. Fylkeskommunen. Har motteke 85.000 frå Fylkeskommunen til bruk i 2023
  - ✓ Følgje opp vedteken driftsavtale for vedlikehald av Postvegen.
  - ✓ Stabbur Sjøholt Folkehøgskule – renovering.
  - ✓ Paktarhuset – stell og vedlikehald inne og ute + samlingane.
  - ✓ Olav Oksvik stiftinga – ØH er sentral i denne. Registreringsarbeid. Få på plass minnesamlinga – kanskje også byste. Halde konferanse til hausten.
  - ✓ Kvernhuset – vedlikehald – eventuelle demonstrasjonar.
  - ✓ Kraftstasjonen – følgje opp avtalen med Ørskog Energi A/S. Litt vedlikehaldsarbeid – årleg rydding Forefallande arbeid. Stønad frå ØE.
  - ✓ Malmbana vedlikehald.
  - ✓ Lokomobilen. Vedlikehald.
  - ✓ Årbok nr 33 – for år 2023. Innhald og arbeid med boka.
  - ✓ Ørskogkalender - halde fram samarbeidet med Ørskog Rotary. Kalender for 2024.
  - ✓ Gåver – jf. vedtekne retningslinjer for mottak av gåver m.m. - registrering/arkiv.
  - ✓ Fotoinnsamling/registrering – vidare arbeid. Innsamling av bilete held fram.
  - ✓ Bygdevandring/sætrevandring – behovet/interessa for slike er til stades. Skarbøsætra er målet i 2023.
  - ✓ Sjøholt folkehøgskule – renovering stabbur – måling mm
  - ✓ Ørskog kommunale kraftverk – historie bok . ØE + ØH
  - ✓ Allmennsoga?
  - ✓ Kveldseter med om lag seks arrangement pr. år Planar for 2023 er lagde.
- 
- ✓ Kulturminnedagane 2023: Ingen arrangement er planlagde så langt.
  - ✓ Medlemsverving. Eit alltid vedvarande arbeid! Medlemspleie.
  - ✓ Andre typar arrangement som kjem til – vert vedtekne.



## Ørskog Historielag 2022 – med fokus på - oppsummering:

- ✓ Ørskog historielag si årbok – årbok nr 32!
- ✓ Paktarhuset – eit «minimuseum» - arkivstad – vedlikehald. Mykje er ordna – godt stell. Planlegge og gjennomføre utvendig måling og renovering.
- ✓ Utval og nemnder gjer eit svært godt arbeid!
- ✓ Fotoregistreringa går godt! Godt over 3700 bilete i Fylkesfotoarkivet.
- ✓ Postvegen – ei sentral oppgåve for laget. Haugsætra – Vestnes grense neste. Skilting vert arbeidd med i lag med Fylkeskommunen og kommunen. Motteke støtt frå Fylkeskommunen
- ✓ Mange fine og godt besøkte kveldseter.
- ✓ Lokale til Oksvik-samlinga må no kome på plass. Bystekomite er godt i gang med arbeidet for å få på plass ei byste av Oksvik.
- ✓ Renovering smia. Vi satsa på 2022! Vi kom i mål.
- ✓ Wensellvogna til utstilling hos Ørskog Bilsenter Haukås. Fungerer ok.
- ✓ Liten auke i medlemstalet – vi er no knapt 340.

Frå styret rettar vi ei stor takk til alle som har arbeidd aktivt innan laget – eller har gjeve positiv støtte og respons til arbeidet i meldingsåret 2022. Leiar ØH takkar spesielt alle tillitsvale for godt samarbeid.



Kvar årsmelding siste åra har med eit gamalt ord som vi finn på laget si internettside:

**”Å gløyme fortida si, er å leve som ein bekk utan kjelde, som eit tre utan rot.”**

Styret i Ørskog historielag år 2022.

v/Ragnar Bakken – leiar -